

**Notat:**

Til: Hovudsamarbeidsutvalet (HSU)

Frå: Prosjektleiar Sfj2019

I samband med arbeidet med skulebruksplanen våren 2013 vedtok Hovudsamarbeidsutvalet prosedyre for handsaming og rangering av overtalige pedagogisk personale ved dei vidaregåande skulane. Sentrale element er når ein skal bruke «Normalprosedyren» og «Unntak frå normalprosedyren» .

«Unntak frå normalprosedyren» baserte seg på fylkesvis rangering på alle fagområder der ein hadde overtal, og ved gjennomføring av skulebruksplanen våren 2014 viste det seg at intensjonen ikkje let seg gjennomføre i praksis.

På bakgrunn av erfaringane er det no gjennomført ein revisjon av prosedyren for overtalshandtering av pedagogar. Fylkesdirektør for opplæring har drøfta revidert prosedyre med fylkeshovudtillitsvalde innan opplæringssektoren den 22. februar 2016, og det var ikkje merknadar til framlagde forslag.

Unntaksprosedyren gjeld no ved bortfall av utdanningsprogram, ikkje bortfall av programområder slik det står i prosedyren som vart vedteken av HSU i mai 2013. Ved nedlegging av skular eller utdanningsprogram skal utvalkrets drøftast slik at ein har betre føresetnadar for å tilpasse overtalshandteringa i forhold til dei konkrete utfordringane ein står overfor. I samband med dette må det sikrast at overtalshandteringa let seg gjennomføre i praksis.